

Fråsegn på årsmøtet i Hordaland NTEU 2023.

Årsmøtet i Hordaland NTEU 2023 vil sterkt tilrå at Stortinget seier opp EØS-avtalen. Noreg må ta opp tingingar med EU om fornying av eksisterande handelsavtale og andre to-sidige avtalar. Slike tingingar må sikre eit likeverdig samarbeid mellom Noreg og unionen.

I den offisielle Europautredningen av 2012 les me at «det politiske Norge var klar over prisen da EØS-avtalen ble inngått i 1992, men valgte å gjøre det likevel.» Prisen var tap av lovgjevingsmakt i landet vårt og tap av faglege rettar. Fleirtalet såg dette som nødvendig kompromiss med næringsinteresser. Serleg vart det hevda, både då og i alle år etterpå, at berre EØS sikrar tilgang til EU sin indre marknad.

Årsmøtet minner om at det finst ingen dokumentasjon for at handelen med EU må skje via EØS. Påstanden om EØS som garantist for norsk eksport tilslører at andre avtaler vil vera betre for Noreg. Dette er tydelegare no enn på lenge. EØS/EU sin energiunion påtvingar landet vårt felles europeiske straumprisar. Alt norsk næringsliv, som har hatt straumprisar som naturlege fortrinn, taper konkurransekraft. Årsmøtet meiner skadeverknader for samfunnsutviklinga framover kan bli store.

På prisippielt grunnlag vil årsmøtet avvise avtaler som medfører at folketyret må vike for materielle interesser, slik tilfelle er med EØS og EU. Folkestyret overlever ikkje som salderingspost.

Årsmøtet stiller seg positivt til europeisk samarbeid, men det må respektere at folk gjennom sine utsendingar til nasjonale parlament har full kontroll på all lovgjeving, og at landa har råderett til å føre ein politikk i samsvar med naturlege tilhøve som klima, natur og miljø. Berre slik kan god politikk skapast i landa.

Hordaland Nei til EU v/fylkesstyret